UTDANNINGS FORBUNDET
ULSTEIN

Årsmelding lokallaget 2022

Hedvig Haakonsholm lokallagsleiar

Styret i lokallaget

Styret har frå 1.august 2022 hatt slik samansetjing:

Leiar	Hedvig Haakonsholm	Ulstein ungdomsskule
Nestleiar	Anja Ertesvåg	Ulsteinvik barneskule
Styremedlem	Liv Osnes Dalbakken	Ulstein vidaregåande sk.
Styremedlem	Caroline Torgersen	Høddvoll barnehage
Styremedlem	Arne Sivertstøl	Hasund skule
Styremedlem	Linda Longva	inkludering og mangfald
Styremedlem	Randi Lyngbø Ottesen	PPT
Styremedlem	Ole-Jacob Arnesen	Leiarmedlem, UBS

1. vara:	Linda Sævik	UVS
2. vara:	Hanne Indregård	Inkludering og mangfald
3. vara:	Linda Arneberg	Almejordet barnehage

Pensjonistkontakt: Torill Strandabø

Arbeidsplasstillitsvalde

Utdanningsforbundet Ulstein har medlemmer på tjue arbeidsplassar i kommunen. Fjorten av arbeidsplassane hadde plasstillitsvalde i 2022.

Arbeidsplasstillitsvalde 2022 haust

- Haddal skule — Lene Gamlemshaug
- Hasund skule — Silje Holstad Flø
- Ulstein skule — Aud Janne Hatlebakk
- Ulsteinvik barneskule — Anja Ertesvåg
- Ulstein ungdomsskule — Hanne Harkjerr Skeide
- Ulstein kompetansesenter — Einfrid Grindheim
- Ulstein vidaregåande skule — Linda Sævik

- Sundgotmarka barnehage Camilla Hatlebakk
- Norlandia Støylane barnehage Åse-Mari Sundgot Våge
- PPT Tina Louise Liadal
- Høddvollbarnehagen Alina Ciobaca
- Sætra Barnehage Turid Sundal
- Almejordet barnehage Karolina Klimek
- Vikemarka Barnehage Alina Ciobaca

Valnemnda

Frå 1.august 2022 har fylgjande vore medlemmer i valnemnda:

Remi Vattøy	Hasund skule
Vedrana Terzic	Ulstein kommune sentraladministrasjonen

Medlemer

Utdanningsforbundet Ulstein har i løpet av 2022 hatt ei lita auke i medlemstalet, frå 365 til 376 medlemer ved utgangen av året. Lokallagsleiar har hatt 44 % frikjøp, HTV har hatt 50% frikjøp.

Arbeidet i lokallagsstyret

Lokallagsstyret hadde 11 styremøter, og behandla 41 saker. Vi har mellom anna jobba med lokale satsingsområde, politisk påverknad, arbeid med høyringar, behandling av søknader til medlemsstipend og berekraftig skulestruktur i Ulstein. Styremøta i juni og desember var utvida styremøter, der også alle ATV og valnemnda var kalla inn. Målet med desse møta er å gi ATV og valnemnd innsyn i og kunnskap om korleis styret jobbar. Desse to møta vert avslutta med middag og sosialt samvær.

Medlemsstipend

I 2022 delte styret ut to medlemsstipend til enkeltmedlemmer. I tillegg fekk dei tre barnehagane som søkte, støtte til å sende til saman 13 personar på Barnehagekonferansen i Ålesund.

Årsmøtet

6. april vart det arrangert på årsmøte på Sufh med 86 påmelde. Håvard Moe var gjest frå fylket, han snakka om KS og tariff. Etter årsmøtet var det middag med dessert.

Konflikt

Året var sterkt prega av streik. Først streik i KS, frå 8. juni til 27. september. Vårt lokallag vart ikkje tatt ut i streik, men var i konflikt. Det betyr at alt partssamarbeid vart pausa, og at dei arbeidsplasstillitsvalde heller ikkje hadde rett til fri for å delta på kurs. Dermed vart mykje av kursverksemda avlyst eller utsett til streiken var over. I Ulstein arrangerte vi felles streikemarkering med Hareid, Herøy, Sande og Vanylven. Det var mange frammøtte og stort engasjement. Streiken i KS vart avslutta ved tvungen lønnsnemnd. 17. oktober starta barnehagestreiken i PBL. Heller ikkje her vart lokallaget ramma. Denne streiken vart avblåst etter ca. 5 veker då partane kom til einigheit.

Satsingsområda

I Vi utdannar Noreg 2020–2023 ligg politikken som heile organisasjonen er forplikta til å arbeide med i landsmøteperioden. For å gjere tydelege prioriteringar og styrke den politiske påverkinga har organisasjonen også vedtatt ein strategisk plan. Vi utdannar Noreg og Strategisk plan er viktige styringsinstrument som har ulike funksjonar, og som utfyller kvarandre. Frå desse dokumenta har lokallaget jobba spesielt med fire satsingsområde:

Dei fire satsingsområda er :

o Trygge og helsefremjande arbeidsplassar: Utdanningsforbundet skal vere ein pådrivar for arbeidsplassar prega av eit trygt og helsefremjande arbeidsmiljø.

o Styring av utdanningssektoren: Utdanningsforbundet skal vere pådrivar for at nasjonal og lokal styring og utvikling av utdanning byggjer på eit breitt forskings- og erfaringsbasert kunnskapsgrunnlag og støttar opp under ei brei målforståing.

o Fleire barnehagelærarar og auka bemanning i barnehagen: Utdanningsforbundet skal vere ein pådrivar for sterkare lovverk sentralt og utvikling av lokale tiltak som kan betre bemanninga i barnehagen og barnehagelærartettleiken.

o Lønnspolitisk offensiv for lærarar i skulen: Utdanningsforbundet vil arbeide for at den låge lønnsutviklinga for undervisningsstillingar blir stansa og kompensert for. Utdanningsforbundet skal arbeide for skjerpa krav i samfunnet til at alle elevar skal ha lærarar med godkjent lærarutdanning i alle undervisningstimar.

Hedvig Haakonsholm, lokallagsleiar 2022